

Fra: Kari Hilde Rommetveit[khr@nordplan.no]

Mottatt: 01.06.2026 09:24:44

Til: Ingo Bewer[ingo.bewer@kvinnherad.kommune.no]

Kopi: Kristian Råsberg[kristian.rasberg@fjordbruk.no];

Tittel: Sv: Utlegging til offentlig ettersyn av detaljregulering for Røysaneset industribase - Høylandsbygd - 202/140 med fleire - PlanID 20230002

Hei Ingo.

Takk for e-post og viser til telefonsamtale.

Eg føler det du etterlyser er belyst i den overordna massehandteringsplanen som er lagt ved planframlegget (datert 07.04.26). Sjå vedlegg. Her finn ein skildring av massane i området, skildring av utbyggingssteg/anleggsfasar, omfang, forureining, vurdering av konsekvensar mv..

Det er vidare lagt inn fleire juridisk bindande føresegner (pkt. 2.5.3) som skal sikre forsvarleg handtering av massar. Ma. er det sett krav om at det skal utarbeidast ein detaljert massehandteringsplan for aktuelle område som inngår i byggjesøknad. Denne skal vere basert på den overordna massehandteringsplanen og prinsippa i den, og skal m.a. syne kvalitet og eignaheit for vidare utnytting, eksisterande og nytt terreng, masseberekning, samt plan for bruk og plassering av massane. Planen må også syne framdriftsplan med skildring av hovudaktivitetar, arbeidsmetode, driftstid og varigheit, samt plan for kontroll og dokumentasjon kring støy- og støvforhold og vibrasjonar. Dette er også teke med i rekkefølgeføresegnene (pkt. 6.1.2).

Den overordna massehandteringsplanen er vidare gjort juridisk bindande i føresegnene (pkt. 7).

Er det likevel slik å forstå at du saknar noko i planen?

Med venleg helsing

Kari Hilde Rommetveit

Arealplanleggjar

Region Vest - Stord

+47 97653972

khr@nordplan.no

nordplan.

Fra: Ingo Bewer <ingo.bewer@kvinnherad.kommune.no>

Sendt: mandag, 1. juni 2026 07:32

Til: Kari Hilde Rommetveit <khr@nordplan.no>

Emne: Utlegging til offentlig ettersyn av detaljregulering for Røysaneset industribase - Høylandsbygd - 202/140 med fleire - PlanID 20230002

Hei Kari Hilde, eg kjem med følgjande innstilling:

Innstilling frå kommunedirektøren:

Plan-, teknikk- og miljøutvalet i Kvinnherad kommune vedtek med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 12-10 at forslag til detaljregulering for Røysaneset industribase – Høylandsbygd – gnr./bnr. 202/140 mfl. – PlanID 20230002, sist revidert 08.05.2026, vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring, med følgjande krav til revisjon før sluttbehandling:

- Føresegner og planomtale skal supplerast med ei nærare utgreiing av massehandsaming, herunder omfang, disponering og kvalitet på massar (reine/ureine).
- Det skal fastsetjast juridisk bindande føresegner som sikrar forsvarleg handtering av massar i samsvar med gjeldande regelverk, inkludert særskilte krav til handtering, mellomlagring, transport og disponering av eventuelle ureine massar.

Frist for uttale vert sett til minst 6 veker, jf. pbl § 12-10. Utlegging skal kunngjerast i lokalpressa og kommunen sine elektroniske medium. Råka partar og instansar skal varslast.

Om du er ueinig i dette så tar kontakt til meg seinast kl. 10:00 ♦♦

Med venleg helsing
Ingo Bewer | *Planleggjar på Samfunnsutvikling*
Mobil: +47 404 33 984

www.kvinnherad.kommune.no | 



Tenk miljø før du skriv ut!

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkivverdig etter arkivlova, vil bli registrert i vår offentlege postjournal.